41	<b>Grete Skaar Sunde</b>	Bygda og bøkene	50 000	Avslag	<p>Jølster litterære folkeakademi er eit nystarta lag som i 2020 mellom anna har planlagt vårfest i Astruptunet med seminar, musikk og dans, samt litterær hausfest med tema sau, med kurs i plantefarging, sankefest og litterær konsert. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.</p>	<p>Jølster litterære folkeakademi er eit nytt lokal-lag i folkeakademiet i Sogn og Fjordane. Medan kommune og fylkesstrukturen er i endring kring oss, etablerer vi denne lokalavdelinga for å kunne bidra til utviklinga av Jølster som kulturbygd. I fleire år har vi arbeidd for å rigge grendene og grendehusa som scener for møter mellom teksten og lesaren i prosjektet «Litteratur i grendehuset». Arrangementsforma har vore støtta av Norsk kulturråd, Fritt ord og Nasjonalbiblioteket. Som initiativtakarar og pådrivarar for arrangementsforma lokalt, ynskjer vi å halde fram arbeidet med å utvikle og prøve ut programtypar som kan vidareførast elles i fylket.</p>	250 000
----	--------------------------	-----------------	--------	--------	---	--	---------

42	<b>HARDANGER FOLKEMUSIKKSAMLING</b>	Lyden av Halldor	10 000	Avslag	<p>Hardanger folkemusikksamling er eit samarbeid mellom Hardanger spelemannslag, Hardanger folkemuseum, Kvemmingen Spel- og Dansarlag og Hordaland Ungdomslag. Søkjarane har sidan 1984 samla saman om lag 8000 folkemusikkopptak og enkelte filmopptak, og ønskjer gjennom prosjektet å arrangere lanseringskonsert i samband med utgjeving av opptak frå spelemannen Halldor Meland. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til ikkje å ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår avslag på søknaden.</p>	<p>Lanseringskonsert i samband med utgjeving av restaurerte opptak med storspelemannen Halldor Meland (1884-1972). Det finst ei mengd lydopptak av Halldor Meland. Så tidleg som i 1912 spelte han inn slåttar på pathefon-plate. Platene vart populære og gav gode inntekter. Han var då i 20-åra og i storslag som spelemann. Opptaka er med moderne teknologi restaurert og digitalisert og endeleg kan gjerast tilgjengeleg for publikum.</p>	95 000
----	-------------------------------------	------------------	--------	--------	--	---	--------

43	<b>HARDANGER SPELEMANNSLAG</b>	Folkemusikkhelg: Dans, Spel og Song - Alt pao ei gong	15 000		Søkjaren meldte 6.5.2020 om at arrangementet vart avlyst, grunna covid-19.	Hardanger Spelemannslag søker med dette om stønad til gjennomføring av Folkemusikkhelga «Dans, spel og song - alt pao ei gong» i Granvin 13.-15.mars 2020. Som del av denne helga, arrangerer me konsertar, kurs og dansekveld. I tillegg er me så heldige at prosjektet Bygda Dansar Hordaland har lagt si andre helgesamling til dette kurset. På laurdagen steller me i stand det årlege kurset. Som namnet tilseier, vert det kurs i både dans, spel hardingfele og durspel, samt song. Kurset er for folkemusikarar og -dansarar i alle aldrar og for både nybyrjarar og meir erfarne. På kurset kjem deltakarar frå heile Hardanger og Voss, samt andre kommunar i Hordaland. Blant dei fremste i landet på sitt intrument/song/dans.	155 100
----	------------------------------------	---	--------	--	--	---	---------

44	<b>HARDANGERFJORD STREETART FESTIVAL</b>	Hardangerfjord Street Art Festival 2020	150 000	Avslag	Hardangerfjord Street Art Festival vil fremje gatekunst og veggkunst, og har unge og folk med psykiske lidingar som særskilde målgrupper. Arrangementet er flytta til seinare på året 2020 grunna koronasituasjonen, jf. melding sendt 3.5.2020. Det er avgrensa midlar i tilskotsordninga. Fylkesdirektøren vurderer prosjektet som lokalt og ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta gjennom denne ordninga, og tilrår derfor at søknaden til avslått.	Hardangerfjord Street Art Festival 2020 har som mål å skape gatekunst saman med dei lokale innbyggjarane i Kvinnherad Kommune. Talentfulle, pedagogiske street artistar frå Noreg og frå utlandet vil lage gatekunst i Kvinnherad samt ha ulike kunst workshopar med barn, ungdomar, og psykisk lidande vaksne. Me vonar kunsten vil glede, hele og inspirere. • Innandørs veggkunst i samarbeid med Valen Psykiatriske Sjukehus. Kunst som terapi for, og saman med, pasientane, som vil pryde veggane i sjukehuset (workshop og føredrag for vaksne) • Gatekunst-workshop for barn (7-12 år) i Hallen, Rosendal • Gatekunst-workshop for ungdom (12- 20 år), på Ungdomsklubben på Husnes	397 000
----	--	--	---------	--------	---	--	---------

45	<b>Haugaland krets Norges KFUK KFUM</b>	Vinterfestival på Bømlo	15000	Avslag	Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM søker om støtte til vinterfestival på Bømlo for ungdom i kommunar i Sunnhordland. I budsjettet som er del av søknaden er det balanse mellom inntekter og utgifter utan tilskotsmidlar. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.	KFUK-KFUM Haugaland arrangerer årlig vinterfestival for ungdommer i alderen 14-19 år i vår krets. Her kommer elever fra Rønningen Folkehøgskole og har seminarer i dans, drama, musikk og video. Ungdommene bruker hele dagen på seminarene og fremfører det de har lært for hverandre. Ten Sing Norway holder show som er åpent for alle i Bremnes Kyrkje på kvelden. I år deltok ca 90 ungdommer fra hele Haugalandet på festivalen, hvorav Ten Sing Bømlo utgjorde majoriteten med ca 60 stk. Vi bruker mye tid og ressurser på dette arrangementet og ønsker å kunne fortsette å tilby ungdommer et godt program ved hjelp av deres støtte.	25 000
----	---	-------------------------	-------	--------	--	---	--------

46	<b>HAUKÅS ROCKE AKADEMI</b>	Garasjejamturne	100 000	Avslag	Haukås rockeakademi søker om støtte til "Garasjejam" ved ulike garasjeanlegg på kjøpesenter. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak og fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Vi har de siste to årene sammen med blant annet Arna Åsane kulturkontor og NoFilter Festivalen arrangert Garasjejam i parkeringsanlegget på Arken Kjøpesenter. Konseptet består av at det settes opp en scene der forskjellige unge artister kan få presentert seg for nærmiljøet. Sist vi arrangerte dette startet vi dagen kl 11:00 med åpen Disko for barnehager i området, deretter fortsatte vi med konserter fra Bergen Kulturskole kl 15:00 og avsluttet med Jam fra kl 19-21. I tillegg til Jam hadde vi et Graffiti-prosjekt der et utvalgt område ble dekorert av lokale graffiti-kunstnere. Vi syntes dette prosjektet har vært så bra at vi ønsker å ta det på turne til andre tilsvarende steder i nabokommuner og andre bydeler. Håpet er å få dette til årlig.	275 000
----	---------------------------------	-----------------	---------	--------	--	---	---------

47	<b>Havkollektivet</b>	Passion for Ocean Bergen 2020	100 000	Avslag	Havkollektivet vil invitere til "Passion for Ocean Bergen 2020" med underholdning og formidling av kunnskap om havet. Fylkesdirektøren vurderer søknaden til å felle utanfor føremålet til tilskotsordninga, og tilrår derfor at søknaden til avslått.	Passion for Ocean-festivalen er havets talerør til folket og vår hyllest til havet. Festivalen tilbyr besøkende en transformativ opplevelse som oppfordrer til holdningsendringer. En viktig tanke bak festivalen er at man tar vare på det man er glad i - for å bli glad i noe må man lære det å kjenne. En av hovedmålsettingene til festivalen er å bidra med kunnskapsformidling rettet mot besøkende i alle aldre, gjennom bl.a sceneshow, akvarier, og havrelaterte aktiviteter. Vi har stor tro på at fagkunnskap som er formidlet på en god og engasjerende måte er en nøkkel til å skape en holdningsendring i befolkningen. Vi vil også legge til rette for samarbeid mellom aktører i næringslivet, frivillige organisasjoner og privatpersoner.	1 929 000
----	-----------------------	-------------------------------	---------	--------	--	--	-----------



48	<b>HILLAND VELFORENING</b>	Pump track	100 000	Avslag	Hilland velforening søker om støtte til Pump track (sykkelbane) som del av leikeplass. Søknaden fell utanfor føremålet til tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden til avslått.	Kultur er menneskeleg aktivitet i eit samfunn, og variasjon i aktivitet i vårt samfunn er noko me vil legge tilrette for. Born og unge treng å stimulerast til aktivitet, og difor vil me bygge opp ei pump track på eit opparbeida leikeareal i vår bygd. Her kan me sikre innbyggjarar i vårt nærmiljø høve til å delta i eit mangfald kulturliv. Tiltaket "Pump track" har fokus på å aktivisera born og unge, samstundes som me håpar at ein får auka sjølvkjensla til våre håpefulle i å delta på sosiale tiltak i sitt eige nærmiljø. Me i Alversund heier på gode oppvekstmiljø!	200 000
----	----------------------------	------------	---------	--------	---	---	---------

49	<b>HOLKEROCK</b>	Holkerock 2020	60 000	Avslag	Holkerock søker om midlar til gjennomføring av lokal rockefestival i juli/august 2020. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak og fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Holkerock vart etablert i november 2018, og har til formål å gje området eit festivaltilbod innan rock. Holkerock til formål å fremje lokale band innafor sjangeren, og nå ut til fans og besøkande i alle aldrar med sin musikk. Holkerock har og intensjon om å fremje lokal kultur, lokalt næringsliv og lokale velforeningar. Over tid ynskjer festivalen å kunne dra inn nasjonale og internasjonale artistar til området. Formålet til Holkerock skal oppnås gjennom følgende aktiviteter:- Arbeide for å arrangere lokal festival for rock og metal- Søke å fremje lokale artistar i tillegg til tilreisande artistar- Søke å benytte lokale samarbeidspartnere	280 000
----	------------------	----------------	--------	--------	--	--	---------

50	<b>HORDALAND UNGDOMSLAG</b>	Fylkesstemna for born 2020.	30 000		Søknader er trekt grunna koronasituasjonen, jf. melding sendt 13.5.2020.	Fylkesstemna for born 2020 vil dette året truleg verte arrangert på Voss med mest truleg Voss UL eller eit eller fleire av dei andre ungdomslaga i Voss herad i Vestland fylke som teknisk tilskipar. Eksakt tidpunkt for arrangementet er enno ikkje bestemt, men mest truleg vert det arrangert i august månad 2020. Me ser ikkje vekk frå at arrangementet kan verte eit samarbeidsprosjekt saman med Sogn og Fjordane UL. Me vonar at det vert mange deltakarar, leiarar og føresette frå heile Vestland fylke som deltek på arrangementet. HU vonar at Vestland fylkeskommune ser positivt på søknaden om tilskot og støttar opp om dette prosjektet i Vestland fylke.	151 000
51	<b>Høyanger vgs</b>	Kantinescene - musikk	100 000	Avslag	Høyanger vgs. søker om støtte til å kjøpe inn scene- og musikkutstyr. I følgje retningslinjene for tilskotsordninga kan ein ikkje støtte tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått. Vi oppmodar søkeren om å søkje midlar via støtteordninga Kulturrom.	Skulen har opp gjennom åra fått bygd scene og har ivrige tilsette som prøver å få ungdommen med inn i musikken. Vi har mellom anna eit lærarband som tar med seg elevar ca 1 gang i mnd på scenen og framfører sang og/eller musikk. Mesteparten av utstyret er privateigd og vi ynskjer no at skulen skal kunne kjøpe inn utstyr som kan brukast for tilsette og elevar til føremålet.	100 000

52	<b>INDRE SOGN KYSTLAG</b>	"Meir ut på Sognefjorden"	50 000	Avslag	Indre Sogn kystlag har dei siste åra tilbydd skular i regionen undervisning i kystfriluftsliv, kulturhistorie og tradisjonar knytt til kystlivet og bygging og føring av båt, i samarbeid med mellom anna Høgskulen på Vestlandet og Sogn Fjordmuseum. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Indre Sogn Kystlag <a href="http://www.indresognkystlag.no">www.indresognkystlag.no</a> vart skipa i 2002 og er eit lokallag under Forbundet KYSTEN <a href="http://www.kysten.no">www.kysten.no</a> Organisasjonen har som føremål å ta vare på tradisjonar samt fremja kulturarven. Vi har som målsetjing å skapa og utvikle gode møteplassar med aktivitetstilbod i lokalsamfunna i heile regionen. Indre Sogn Kystlag fekk høve til å starta prøveprosjektet "Meir ut på Sognefjorden" som er eit pilotprosjekt, og som også er meint å ha overføringsverdi for det nasjonale og nordiske samarbeidet rundt utviklingen av kystfriluftsliv med fokus på barn og unge. Prosjektet har vore støtta av Sparebankstiftelsen DnB og Forbundet KYSTEN. Det er gjort nyttige og interessante erfaringer gjennom desse to åra med pilotprosjektet.	210 000
53	<b>Indre Sunnfjord Spelemannslag</b>	50-årsjubileum med utgjeving av bok	44 500	25 000	Indre Sunnfjord Spelemannslag søker om midlar til dokumentasjon av folkemusikk og bygdedans og til utgjeving av bok i høve 50-års jubileet til laget. Søknaden stettar vurderingskriteria b, d, og e og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta. Støtta blir gitt som bidrag til dokumentasjonsarbeidet gjennom prosjektet.	Dokumentere historia til laget i bokform. Dokumentere historia til folkemusikken og bygdedansen i Sunnfjord. Kildemateriale tilbake til 1700-talet. Boka er på 150 sider med stiv perm. Jostein Årdal er redaktør for boka.	94 500

54	<b>JAKOBSEN RÅDGIVING</b>	Vedlikehold av trebåter	20 000	Avslag	Jakobsen rådgiving søker om tilskot til å arrangere kurs i vedlikehold av trebåtar i samarbeid med Jensbua kystkultursenter. I budsjettet som er del av søknaden er det balanse mellom inntekter og utgifter utan tilskotsmidlar. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Få innføring i hvordan best ta vare på tradisjonelle trebåter. Båten vi bruker i eksempelet er bygget der kurset holdes.	20 000
55	<b>JENSBUA KYSTKULTURSENER AS</b>	Sjøbufestivalen i Dalsfjorden 2020	10 000	Avslag	Gjennom Sjøbufestivalen i Dalsfjorden vil ulike kulturaktører i området tilby kulturaktivitetar og opplevingar langs fjorden. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til ikkje å ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Jensbua kystkultursenter, Lillingstonheimen, kystkulturminnet Nilsbua på Hellevik, Holmedal Vel og Jakob Sande-selskapet har gått saman om ein festival med fjorden som utgangspunkt og tilknytning mellom bygdene langs Dalsfjorden. Her kan folk få ta del i kulturopplevingar med alt frå Jakob Sande si diktning, smaken av fersk bakst og fiskesuppe, besøk på Helle knivfabrikk og museumsvandring i Holmedal og på Nilsbua og spikke båtar på Jensbua på Leitet. Sjøbufestivalen i 2019 vart ein suksess, med godt oppmøte på alle sjøbuene og på M/S Atløy. Vi ynskjer derfor å utvide festivalen med fleire ruter, fleire besøkande og fleire aktiviteter i 2020.	227 000

56	<b>KAMMERKORET GNEIS</b>	Driftsstøtte	30 000	Avslag	<p>Kammerkoret Gneis søker om midlar til drift av arbeidet, og vil i tida framover styrke samarbeidet med kor og komponistar i Vestland. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkeskommunen støttar dei regionale kororganisasjonane. Fylkesdirektøren vurderer at tiltaket ikkje har tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>	<p>Kammerkoret GNEIS vart stifta i 2005 for å først og fremst framføre musikk av nolevande, vestnorske komponistar. Og me har sidan gjort nett det. Ofte i samarbeidd med sentrale tonekunstnarar frå vestlandet. I år har me planlagt ei ytterlegare spissing av drifta vår. Dessverre ser me ikke at andre aktørar tek ansvaret for å stimulere til nyskreven vokalmusikk. Me er amatører, og drifta vår må være deretter, men så lenge det ikkje finst profesjonelle grupper som gjer dette viktige arbeidet, synest me at me forvaltar eit viktig ansvar. Med vår nye modell, har dirigent fått eit ansvar for å sikra ein forutsigbar fagleg framdriftsplan, der faktorar som samarbeid med komponistar og kor i heile Vestland får ein avgjerande plass.</p>	136 000
----	--------------------------	--------------	--------	--------	--	--	---------

57	<b>KJERSTI ISDAL</b>	Segner frå Nordhordland	100 000	50 000	Søkjaren vil i samarbeid med lokalhistoriske lag, kommunar, musea og Fylkesarkivet samle inn segner frå Nordhordlandsområdet og gje dette ut i bokform med illustrasjonar frå folkekunsten. Prosjektet stettar spesielt vurderingskriteria b, c, e, f og g, og fylkesdirektøren tilrår at prosjektet blir støtta.	Med "Segner frå Nordhordland" ønskjer eg å samla inn og gjere kjend eit utval av segner frå Nordhordland, og formidle dei i ny drakt. Prosjektet vil ha regional verdi. Segna vert samla i bokform, med illustrasjonar som fangar opp ornamentikk frå den lokale folkekunsten. Noko segnmateriale har eg funne, men det vil vere nødvendig med grundig undersøking for å leite fram att desse forteljingane frå ulike kjelder. Samarbeid med Fylkesarkivet, musea, kommunane og dei lokalhistoriske laga i regionen vert viktig. Eg har tidlegare gjeve ut "Segner frå Sogn" (2004, Skald forlag), som vil vere utgangspunkt for omfang, design og uttrykk. Segna er ein viktig del av den immaterielle kulturarven vår, og fortel om ei tid der ein levde tett på naturen.	300 000
----	----------------------	-------------------------	---------	--------	---	---	---------

58	<b>KROHNENGEN BRASS BAND</b>	Krohnengen Brass Band sitt musikalske talentutviklingsprogram i Vestland fylke	45 000	Avslag	Krohnengen Brass band inviterer til eit talentutviklingsprogram for unge korpsmusikarar gjennom hospitering, rettleiing og samlingar. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren viser til at fylkeskommunen støttar Norges Musikkorps Forbund Hordaland, og vurderer prosjektet til å ikkje har tilstrekkeleg regional verdi til å kunne blir støtta. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.	Krohnengen Brass Band (KBB) sitt musikalske talentutviklingsprogram består av Solistkonsert med unge talenter, KBB sitt in med skolekorps, KBB hospitantordning og samlingen KBB UNG. Vår målsetting er å ivareta og utvikle korpsmusikk og korpsaktiviteter for egne musikanter i samspill med skolekorpsmusikanter i hele Vestland fylke. Gjennom inkluderende, motiverende og kompetansehevende tiltak skal vi bidra til utvikling av individuelle og kollektive ferdigheter i et musikalsk fellesskap på tvers av alder, kjønn, etnisitet og sosial bakgrunn. Målet er at aktivitetene skal skape spilleglede og inspirasjon hos unge musikanter, som igjen bidrar til at de fortsetter med musikk, samspill og som ressurspersoner i sitt eget skolekorps.	200 000
----	------------------------------	--	--------	--------	---	---	---------



59	<b>KULTURNATT ETNE</b>	Kulturnatt Etne 2020	45 000	Avslag	Kulturnatt Etne vart arrangert i januar 2020. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket til ikkje å ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Kulturnatt Etne er eit 26-timars maraton-arrangement som i hovudsak føregår på Skakkesenteret, men også hos enkeltaktørar rundt i bygda. Kulturnatt er ei oppkome av musikk og skapande kunst, idrett og fysiske utfordringar, teater, kulturhistorie, amatørfilm og kino, matkultur - både lokal og framandkulturell, handverk - både demonstrasjonar/verkstadar og sal. Målgruppa er frå barnehage-alder til dei eldste på Omsorgssenteret. Amatørkulturen møter profesjonelle utøvarar. Dei medverkande spenner frå lokale kulturskuleelevar og -bakstekoner, til landskjende forfattarar, musikarar og kunstnarar med regional tilknytning. Billetten gir inngang på alle arr./arenaer, og utfordringa er å tilby denne til ein rimeleg pris som alle har råd til.	150 000
60	<b>KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG</b>	Kvam soge- og kulturminnelag	10 000	Avslag	Kvam soge- og kulturminnelag søker om støtte til utgjeving av årbok, medlemsblad og drift av laget. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Tilskot frå ordninga kan ikkje nyttast til drift og til utgjevingar litteratur. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.	utgjeving av årbok, medlemsblad og -møte, støtta Hardangerforlaget ved produksjon og sal. I 2019 boka STØTLAR I KVAM, nytrykk av Børveboka og sal av bøker etter avdøde Samson Bjørke	318 000

61	<b>Kvemmingen spel og dansarlag</b>	Hordakappleiken 2020	10 000	10 000	Kvemmingen spel og dansarlag søker om midlar til gjennomføring av Hordakappleiken som vart arrangert i mars 2020. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å ha regional verdi og eit viktig bidrag til å halde den immaterielle kulturarven innan folkemusikk- og dans levande. Søknaden stettar vurderingskriteria b, c, d, e, f og g, og fylkesdirektøren tilrår at tiltaket vert støtta.	Hordakappleiken er ei mønstring der folkemusikarar, -songarar og dansarar møtast til venskepeleg tevling. I 2020 står Kvemmingen spel og dansarlag som vertskap. Dei seinare åra har me lokalt sett ei særst positiv utvikling med auka interesse både blant små og store, gamle og unge. Både som utøvarar innan tradisjonsmusikk og som konsertpublikum. Det er difor kjekt å kunne arrangere kappleik på heimebane. Me ynskjer å gje kappleiksdeltakarar frå heile "Hordaland" og andre ei god og inspirerande tevlinghelg. Å lage til eit slikt arr. er eit økonomisk løft for eit lite lag. For å kunne halde fram med det andre arbeidet me gjer med rekruttering, og å presentere den gode tradisjonsmusikken ynskjer me å søkje om ekstra økonomisk stønad frå dykk.	75 000
62	<b>Kåre Lerum</b>	Korpsseminar med Sjøforsvarets Musikkorps	49 000	Avslag	Søkjaren vil invitere skule- og amatørmusikantar til seminar i juni 2020 saman med Sjøforsvarets Musikkorps. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til ikkje å ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.	I samband med Festkonsert med Sjøforsvarets Musikkorps og solistar fredag 5. juni, inviterar ein på laurdag 6. juni til seminar for alle skule- og amatørmusikantar frå heile Sogn, på Quality Hotel Sogndal. Det er sendt invitasjonar til alle musikkorpsa og kulturskulane i kommunane Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, (Nye) Sogndal, Vik i Sogn og Høyanger. Sjå meir i vedlegget.	189 000

63	<b>Lina Kristine T. Vatshelle</b>	Bjørnafjorden Pride	30 000	Avslag	<p>Bjørnafjorden Pride er nystarta organisasjon og planlegg gjennomføring av Pride-festival i juni 2020. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.</p>	<p>Bjørnafjorden Pride er ny organisasjon som vart skipa i 27.februar 2020. Hovudmålet vårt er å visa sambygdingane våre at Bjørnafjorden kommune er einkommune der det er greitt å vere seg sjølv, uavhengig av kjønnsidentitet og seksuell legning. Me ynskjer å feire kjærleiken og mangfald. Dette tenkjer me å gjere på fleire måtar. Målet er å vise fram mangfaldet i kommunen med bl.a Pride-parade, appellar, konsert, regnbogegudsteneste og eige rusfritt arrangement for ungdommen/unge vaksne. Me samarbeidar med FjordFolk som arrangerer festival i kommunen samstundes som vårt arrangement. Dette gjer at vi har god tilgang på scene og annlegg. Vi håper å kunne arrangere konsertar og opne apellar med hjelp av lokale talent.</p>	122 000
----	-----------------------------------	---------------------	--------	--------	---	---	---------

64	<b>Manger Musikklag</b>	Klassiske Perler	50 000	Avslag	<p>Manger Musikklag vil i samarbeid med profesjonelle musikarar frå Alver kommune øve inn og framføre konsert i Knarvik kyrkje. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.</p>	<p>Prosjektet er ført fram og eigd av Manger Musikklag. Me har fått med oss dirigent Bjørn Sagstad, Rune Alver på klaver, Songsolist Lydia Hoen Tjore og Erlend Aagaard- Nilsen på trompet. Alle desse kjem frå nye Alver Kommune og har sitt daglege arbeid innan musikken som profesjonelle aktører. Manger Musikklag er nasjonale MOT-ambassadører. Dette er basert på formålet om å skape eit tryggare samfunn gjennom å styrke ungdomsrobusthet bevissthet og mot. Med dette prosjektet ynskjer me å vise samfunnet at amatører og profesjonelle saman kan skape magi i form av musikk. Det er også viktig å vise at lokale ungdomar kan verte sanger i Operaen i Oslo eller trompetist i KORK og samstundes ha sin musikalske start i eit skulekorps.</p>	145 000
----	-------------------------	------------------	--------	--------	--	---	---------

65	<b>MANGER SKULEMUSIKKLAG</b>	Musikalsk samhandling på tvers av gamle fylkesgrenser	40 000	Avslag	Manger skulemusikk lag vil i 2020 sette i gang eit prosjekt med utveksling og samarbeid med Solund skulemusikk. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer at tiltaket ikkje har tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.	Manger Skulemusikk lag er eit aktivt korps for born i alderen 10-19 år. Korpsset har hevda seg i Eurotoppen over fleire år og har høg øvingsaktivitet. I år er eit av prosjekta utveksling og samhandling med Solund Skulemusikk. Det å knyta kulturelle band på tvers av fylket og løfta kvarandre er overordna mål med dette prosjektet, samt speglede og meistring. For å nå det overordna målet med prosjektet skal me: 1. Samspeiling og øving i forskjellige former med Solund Skulemusikk 2. Konsert med felles program for folk ved fjorden 3. Møterekke med erfaringsutveksling mellom styre i dei respektive korpsa 4. Arrangement med sosiale aktivitetar for born og vaksne	90 000
----	----------------------------------	---	--------	--------	--	---	--------

66	<b>Meland jazzkafe</b>	Jazzkafe og kunstutstilling	20 000	Avslag	<p>Meland Jazzkafe har vore arrangør sidan 2012, og er ein arena for røynde og mindre erfarne musikarar. Samarbeidet med Nordhordland kunstlag er eit spennande supplement til tilbodet. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>	<p>Meland Jazzkafe er ein frivillig organisasjon som starta opp 2072. Kafeen har som hovedmål å vera ei scene for semiprofesjonelle musikarar i området Nordhordland og Bergen. Gjennom åra har vi oppnådd ry som ein attraktiv arrangør, og vi har venteliste på over 7 år for band som ønskjer å spele hos oss. I tillegg til å tilby ei scene for etablerte band, har vijamsessions knytt til kvar konsertkveld for å oppmuntre nye og unge musikarar til å prøve seg saman med meir rutinerte musikarar. Hausten 20L9 starta vi med eit nytt samarbeidprosjekt med Nordhordland Kunstlag, der vi på kvar konsertkveld også presenterer ei kunstutstilling av kunstnarar knytt til Kunstlaget. Vi har trur at ulike kunststartar kan spele på same lag og utfylle kvarandre.</p>	172 000
----	------------------------	-----------------------------	--------	--------	---	---	---------

67	<b>MELAND MÅLLAG</b>	Elias-huset	300 000	Avslag	Meland mållag søker om midlar til å ta vare på og flytte "Elias-huset", som står på husmannsplassen etter spelemannen, diktaren og komponisten Elias Mjåtveit. I retningslinjene for tilskotsordninga står det at midlane ikkje kan nyttast til vedlikehald av hus og at løyvingane i hovudsak skal ligge mellom 10 000 og 100 000 kr. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.	Me ønskjer å ta vare på huset frå husmannsplassen etter spelemannen, diktaren, komponisten og bondeintellektuelle Elias Mjåtveit. Husmannsstova er den siste i sitt slag på Holsenøy, og eit av ytterst få i Hordaland. Huset har ei rik historie. Det står no til nedfalls og eigar har søkt om riving. Meland Sogelag og Meland Mållag ønskjer å berge huset. Me ønskjer flytte det til ei høveleg tomt, og nytta det til kulturføremål.  Det er gjort ei tilstandsvurdering av Gamle3hus, og kostnadsramma på prosjektet er estimert til rundt 3200000 kr - for demontering, lagring, istandsetting, tomt og oppbygging.	502 212
68	<b>MJÅTVEITELVENS FORENING</b>	Mjåtveitelvens forening	40 000	Avslag	Mjåtveitelvens forening søker om midlar til å bevare elveperlemuslingen og biotopen. Søknaden fell utanfor føremålet til tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden til avslått.	Råd om oppsetting av budsjett	0

69	<b>NEDRE ÅRDAL SOKN</b>	Konsertar i Årdal Kyrkje	35 000	Avslag	<p>Nedre Årdal sokneråd søker om midlar til å arrangere fem konsertar i kyrkja i 2020. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>	<p>Soknerådet tek sikte på å arrangere fem (5) konsertar i 2020; 29.februar, 18.april, 6.juni, 8.august og 23.desember. Ein tek primært sikte på å bruke lokale musikarar (frå Vestland) inn i alle desse arrangementa. Årdal Kyrkja er eit svært godt eigna lokale til musikkframføring med fin atmosfære og god akustikk. Den 23.desember ynskjer arrangøren å invitere «utflytte» unge musikarar til å bidra til ein førjulskonsert i Årdal kyrkje. Slik kan dette arrangementet bli eit møtepunkt for ungdomar i kommunen.</p>	55 000
----	-------------------------	--------------------------	--------	--------	--	--	--------



70	<b>NFU SOGN OG FJORDANE FYLKESLAG</b>	Kulturfestivalen 2020, Førde	80 000		Festivalen er avlyst i 2020 grunna koronasituasjonen, jf. melding sendt til fylkeskommunen 8.5.2020. Søknaden om støtte er derfor trekt.	Kulturfestival for menneske med utviklingshemming over 16 år og er eit samarbeid med Kulturavdelinga ved fylkeskommune og NFU Sogn og Fjordane. I fjor var det 101 deltakarar fordelt på 10 ulike kurs. Kulturfestivalen er ein festival for menneske med utviklingshemming. Alle deltakarane treng tilrettelegging og har med seg følgjepersonar. Deltakarane sjølve legg ut utgifter for følgjeperson. I tillegg har vi to instruktørar på kvart kurs og leige av mange instrument. Mange av deltakarane har behov for gode fasilitetar på overnatting og måltid. Dette er mykje på grunn av fysiske handikap. Det gjer at festivalen held til på hotell, som har tilrettelagt for rullestolbrukarar og har mange rom og scene.	618 000
----	---	---------------------------------	--------	--	--	---	---------

71	<b>NordAccordion</b>	NordAccordion 2020	60 000	Avslag	<p>NordAccordion meldte 4.5.2020 frå om at arrangementet i 2020 blir utsett til 5.-10. august 2021 grunna koronasituasjonen, men ønskjer å oppretthalde søknaden og vil nytte eventuelt tilskot til arrangement i 2021. Søkjaren blir bedt om å søkje på nytt ved ny søknadsrunde i 2021, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden i 2020 blir avslått.</p>	<p>Form: Festival og Seminar/kursNordAccordion, 4.-9. august på Voss, er unik i sitt slag ved at festivalen kombinerer opne meisterklassar og kurs av svært høg kvalitet for unge akkordeonistar, med akkordeon/trekkspillkonserter for eit breitt publikum. NordAccordion blei arrangert i 2018 og 2019 på Voss, med god oppslutning om konsertane, og der fjorårets deltakarar kom frå heile 9 nasjonar, . Festivalen har ein visjon om å skape eit godt læringsmiljø for unge studentar med hovudvekt på klassisk- og samtidsmusikk. Vi ønskjer samstundes å nå ut til eit breitt publikum på Voss og i regionen med konsertar som inkluderer trekkspel i fleire sjangrar med kjende utøvarar på instrumentet.</p>	882 600
----	----------------------	--------------------	--------	--------	---	---	---------

72	<b>NORDHORDLAND HUSFLIDSLAG</b>	Bråkvitlar og åkle frå Nord- og Midhordland Dokumentasjon og formidling av ein raudlista tradisjon	30 000	20 000	Nordhordland husflidslag vil gjennomføre registreringar, intervju og foto av bråkvitlar og åkle frå Nord- og Midhordland, samt byggje vidare på tidlegare dokumentasjonsarbeide. Søknaden stettar vurderingskriteria b, c, e og g, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.	Åkle og bråkvitlar finst i musea, i heimar og i eldre dokumentasjonsmateriale. Dette prosjektet vil særleg byggja på to innsamlingsarbeid frå 1970- og 1980-åra, eitt frå Osterøy og eitt frå Lindås. I tillegg kjem teiknaren Miranda Bødtker sitt viktige bidrag med nitide teikningar, også dette ligg noko attende i tid. I tillegg vert det nødvendig med gjennomgangar av rapportar, utstillingar og dokumentasjonsarbeid i regi av Bergen museum og dei lokale og regionale husflidslaga frå tidleg 1900-tal og frametter. Dette arkivmateriale vil vera eit godt utgangspunkt for ei ny innsamling med intervju og fotoheime hjå privatpersonar.	131 500
----	-------------------------------------	---	--------	--------	--	--	---------

73	<b>NORGES KORFORBUND HORDALAND</b>	Kortreff i fjorden.	10 000	Avslag	Norges korforbund Hordaland vil i april 2020 invitere kor frå fylket til årleg kortreff i Hardanger. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Korforbundet får driftsstøtte gjennom fylkeskommunen, og tiltaket kan bli finansiert som ein del av drifta. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.	Norges Korforbund Hordaland inviterer våre medlemskor til en vårlig helgetur "Kortreff i fjorden" 25. - 26. april. Kortreffet tilbyr gode sangopplevelser, sosialt samvær og fine konserter. Korene får en flott anledning til å synge sammen og blir bedre kjent med hverandre. Arrangementet passer spesielt godt til våre medlemskor i Hardanger. Vi inviterer til «Singers Corner» og konserter i Elvatun ungdomshus og Ulvik kyrkje. I tillegg har deltakere mulighet til å nyte flott natur, lokale severdigheter og korfest i venners gode lag. Brakanes hotel vil være vår base.	25 000
----	--	---------------------	--------	--------	---	--	--------

74	<b>NORSK KULTURSKOLERÅD</b>	De Unges Festspilldag	80 000	30 000	Gjennom De Unges Festspilldag blir kulturskuleelevar frå meir enn 15 kommunar invitert til to dagar der det blir høve til å halde konsertar frå ei profesjonell scene. Arrangøren meldte 20.4.2020 om at arrangementet vil bli erstatta av streaming av konsertar. Søknaden er derfor opprettheldt. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e, f og g, og fylkesdirektøren tilrår at prosjektet blir støtta.	De Unges Festspilldag (DUF) har som mål å tilby barn og unge en konsertarena i samarbeid med Festspillene i Bergen, innen dans, drama og musikk. Tilbudet gjelder for hele Vestland fylke • tilby en scene av profesjonell karakter • tilby en scene for talentet • tilby en åpenscene DUF i Bergen ble arrangert over to dager på Festplassen og i Peer Gynt salen i Grieghallen. Vi hadde da innslag innenfor dans, drama og musikk. De siste åren har 15 kulturskole (i Hordaland) været representert. I år er Sundfjord "satelitt" kommune. Viser ellers til rapport for 2019.	167 000
----	---------------------------------	-----------------------	--------	--------	---	--	---------

75	<b>NORSKE SYMFONI-ORKESTRES</b>	Vestlandsk Sommarsymfoni 2020	25 000		Søknaden er trekt grunna koronasituasjonen, jf melding sendt 28.4.2020.	Vestlandsk Sommarsymfoni er et kurstilbud for voksne amatørmusikere (antall: ca 70) fra hele landet, og er det eneste i sitt slag. Kurset omfatter gruppeprøver med sju profesjonelle orkestermusikere/lærere som instruktører, samspill i stort orkester med profesjonell dirigent (i år: Haldis Rønning fra Bergen) og kammermusikk. Kurset avholder flere konserter, bl.a. oppsøkende gratiskonserter i lokalmiljøet, og stor avslutningskonsert i Operahuset Nordfjord, med Sibelius' symfoni nr. 1 som hovedverk.	663 000
----	---------------------------------	-------------------------------	--------	--	---	--	---------

76	<b>NTL Vestland (Vestland krets av Norske Trekkspilleres Landsforbund)</b>	Belgtreffen 2020	35 000		Søknaden er trekt grunna koronasituasjonen, jf. melding sendt 6.5.2020.	Regionalt tiltak/tilbod som dekkar alle kommunane i Vestland, og er ope for alle. Musikk-/instrumentaloppl�ring p� trekkspel/toradar - alle aldersgrupper. Konsert og samspel med andre instrumentgrupper - eksempelvis gitarar, bass/kontrabass, fele, slagverk m. fl. M�L: "Rekruttering, styrking og utvikling av trekkspelet/trekkspelmusikken, samt samarbeid/nettverksbygging med andre instrument/musikksj�ngrar". Tiltaket er eit ledd i satsinga til fremje av musikklivet i fylket, og det vert lagt stor vekt p� kvalitet i h�ve instrukt�rane sin kompetanse b�de fagleg og pedagogisk. Arrang�ren har lang r�ynsle med omsyn til gjennomf�ring av dette/tilsvarende tiltak, og legg stor vekt p� kvalitet ogs� i det h�vet.	95 000
----	--	------------------	--------	--	---	--	--------

77	<b>Oddakonsertene</b>	Albert og Leonie - Opprinnelsen	55000	Avslag	<p>Oddakonsertene søker om støtte til å oppsetting av musikalen Albert og Leonie - Opprinnelsen. Søklar har meldt om at musikalen blir avlyst/utsett, og at dei arbeider med andre produksjonar, m.a. 17. mai-arrangement for Ullensvang kommune. I arbeidet med musikalen er det allereie kome kostnader. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer at tiltaket er lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak og fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Hordaland fylkeskommune har tidlegare støtta utvikling av spelet, og ein ser det som ei kommunal oppgåve å finansiere dette vidare. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>	<p>Albert og Leonie hadde urpremiere i april 2019. Musikalen er ei historisk korrekt fortelling om dr. Albert Petersson som kom til Odda i 1906 og bygde opp verdas største karbidfabrikk. Han hadde eit dramatisk liv. Berre 22 år gammel dør kona hans Leonie i barsel. Fire år seinare forsvinn Albert sjølv på havet. Musikalen Albert og Leonie vart ein stor suksess då den vart framført i 2019. Det vart eit folkekrav å få satt den opp ein gong til. Vi har no forbetra musikalen med fire i staden for to profesjonelle skodespelarar. Vi har og hatt profesjonell dramaturg til å bidra med å gjere forestillinga endå betre. 18 born under 15 år står på scenen saman med 40 vaksne i dei nedlagte fabrikklokala i Odda.</p>	1 615 000
----	-----------------------	---------------------------------	-------	--------	--	---	-----------



78	<b>OLE BULL KAMMERKOR</b>	O19 - Vestlandsturné	30 000	Avslag	<p>Ole Bull Kammerkor har planlagt turné i Vestland, i samarbeid med fleire kor i nordre delar av fylket, inkludert konsert på Hoven i Loen og endeleg i Bergen. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til ikkje å ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>	<p>Ole Bull Kammerkor reiser 4. - 7. juni på turné i nye Vestland fylke. Repertoaret er en konsert der tradisjonelle folketoner møter ny musikk for å knytte kulturelle bånd i det nye Vestland fylke på tvers av de tidligere fylkesgrensene. Turnérepertoaret består av Edvard Griegs Fire salmer, norske folketoner og splitter nykomponert musikk. Turneen er lagt opp slik at en før konsertene har workshops der lokale kor får oppleve både elitekoret Ole Bull Kammerkor og vår dirigent Jon Flydal Blichfeldt - før vi holder konsserter sammen. Ole Bull Kammerkor er et klassisk, a cappella kor med base i Bergen, bestående av 24 håndplukkede sangere. Vi er ett av to kor som mottar Elitekorstøtte fra Bergen kommune, og har holdt 18 konserttrekker på snaue 5 år</p>	126 000
----	---------------------------	----------------------	--------	--------	---	---	---------

79	<b>OSAFESTIVALEN AS</b>	UngOsa - folkemusikk - og folkedanskurs for born og unge	30 000	20 000	Osafestivalen på Voss i oktober 2020 inviterer til UngOsa for barn og ungdomar frå Vestland og andre fylke som vil lære meir om folkedans og folkemusikk. Søknaden stettar vurderingskriteria a, b, c, d, e, f og g, og fylkesdirektøren tilrår at prosjektet blir støtta.	Osafestivalen og hardingfela.no ynskjer velkomne til UngOsa for 5.gong! Helgesamlinga er unik i sitt slag i den sørlege delen av Vestland fylke. Attåt vonaleg 50-60 unge spelemenn, songarar og dansarar mellom 7 til 18 år så vert dansarane i storsatsinga Bygda Dansar med denne helga. For born og unge på vestlandet som driv med, eller er nyfikne på, folkemusikk og folkedans er det svært positiv å ha UngOsa i regionen. UngOsa er eit glimrande tiltak for vidare rekruttering til folkedansen og folkemusikken.Utvikling i 2020:1. Gratis prøveøkt for born og unge som ikkje har forkunnskap innan t.d. hardingfele og toradar 2. Utvikle avslutningskonserten3. Utvikla UngOsa slik at kurset framleis er interessant for ungdomane	358 950
80	<b>OSTERØY MUNNSPELORKESTER</b>	Munnspill kurs/seminar	20 000	Avslag	Osterøy munnspeleorkester søkjer om støtte til gjennomføring av seminar/kurs i april 2020. Det er avgrensa midlar i støtteordninga. Fylkesdirektøren vurderer prosjektet til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta gjennom denne ordninga, og tilrår derfor at søknaden til avslått.	Osterøy Munnspeleorkester har som målsetting å rekrutere og undervise nybegynnere og viderekommende til et landsdekkende lag som vil arbeide for å bruke munnspill til tradisjonsmusikk, og til å ta vare på folkelig munnspilltradisjoner.	62 473

81	<b>Osterøy reiselivslag</b>	Utfart Osterfjorden	135 000	Avslag	<p>Osterøy reiselivslag vil setje i gang eit nytt reiselivskonsept sommaren 2020 for å skape aktivitet og vise fram ein del av kulturhistoria langs fjordane i Alver og Osterøy.</p> <p>Reiselivslaget vil bruke vetaranbåt og -buss og samarbeide med 15 ulike aktørar i regionen. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor at søknaden blir avslått. Vi tilrår søkjaren å vurdere å søkje om tilskot til innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune</p>	<p>I regi av Osterøy reiselivslag er det teke initiativ til eit arrangement på tvers av Osterfjorden med omlag 15 ulike aktørar i Alver og Osterøy kommunar. Fem sundagar i sommar frå mai til september, vil vi tilby kulturelle opplevingar i og langs Osterfjorden. Vi vil samarbeida med veteranmiljøet for reise med båt og buss. Aktørane vil gje besøkjande erfaringar med kulturminner, kunst, historie, gardsliv og mat. Vi vil gjenskapa noko av den kulturen som var i Osterfjorden den gangen ein var avhengig av båt for å koma seg til Bergen for å selja varene sine og handla. Vi trur at dette vil vera med på å skapa eit meir inkluderande kunst - og kulturliv. I kombinasjon med veteranbussar og båt, vil vi gje folk eit "on and off"- reisetilbod.</p>	250 000
----	-----------------------------	---------------------	---------	--------	--	--	---------

82	<b>Osterøybelgen</b>	Rekruttering innen torader og gamaldans/folkedans	200 000	Avslag	<p>Osterøybelgen søker om midlar til rekruttering til toradarmiljøet og folkedans. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vurderer tiltaket som lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>	<p>Osterøybelgen er eit toraderlag (fra 12-35 år) som driver med folkemusikk. Me vil gjerne rekruttere fleire barn og ungdommer inn i gammaldans og folkemusikkmiljøet. Me har medlemmer i laget vårt som er heilt i Norgestoppen når det gjelder toraderspel. I dag er det ikkje så lett som før og rekruttere barn og ungdommer til å begynne med folkedans og torader. Me vil gjerne gjennomføre eit rekrutteringsprosjekt i laget vårt, der me vil vil rette eit tilbud til barne/ungdomskuleelever og tilby gratis samlinger. Me vil ha stor fokus på å ha det kjekt ilag. Me vil ha med toraderinstrument til alle og ha fokus på å lære å spele og danse. Det er viktig at ikkje kulturarven om folkemusikk ikkje fell bort men blir videreført dei unge.</p>	200 000
----	----------------------	---	---------	--------	--	--	---------

